



Til kommunane, fylkeskommunen  
og private skular i Vestland

Saksbehandlar, innvalstelefon

Marianne Svege, 5557 2255

## Rapportering over endring i tiltaksnivå og eventuell stenging av barnehagar og skular

Ved skulestart skal skulane og barnehagane følgje gult tiltaksnivå i trafikklusmodellen, om ikkje lokale helsemyndigheiter avgjer at det skal vere raudt tiltaksnivå i kommunen, eller ved ein einskild skule, vaksenopplæring eller barnehage. Ved gult nivå kan heile skuleklassar vere samla, og alle elevar skal få eit fulltidstilbod på skulen med ordinære skuledagar. Det er ikkje naudsynt å gjere avvik frå opplæringslova.

Førebels er det ikkje opna for at det kan gjerast lokale justeringar ned til grønt tiltaksnivå. Ved lokal smitteauke skal kommunen vurdere om tiltak på raudt nivå er tilstrekkeleg for å få kontroll over smitten framfor stenging. Stenging skal ikkje nyttast som eit generelt førebyggjande tiltak. Vi viser i den samanheng til Forskrift om smitteverntiltak mv. koronautbruddet (covid-19-forskriften) der stenging av barnehagar og skular er regulert i § 12 c.

Ved raudt nivå skal kommunen tilpasse tilbodet hensiktsmessig og forsvarleg og legge stor vekt på barnas og elevanes beste, jf. midlertidig lov om tilpassingar i barnehageloven, opplæringslova og friskolelova for å avhjelpe konsekvenser av utbrudd av covid-19 §§ 2b og 8 a-b.

Formålet er at barn, unge og vaksne i størt mogleg grad får oppfylt rettane sine sjølv under avgrensingane av smittevernomsyn, som følgje av utbrotet av covid-19.

Fylkesmannen ynskjer oppdatert og løpande informasjon om endringar i skular og barnehagar i Vestland. Denne informasjonen vil bli vidareformidla til Utdanningsdirektoratet.



Vi ber difor om at kommunane som barnehagemyndigheit rapporterer til Fylkesmannen i Vestland om endringar i tiltaksnivå i barnehagar, og eventuelle stengingar. Kommunen, fylkeskommunen og private skular rapporter om endringar i tiltaksnivå, eller eventuelle stengingar av skular. Vi ynskjer og ein kort forklaring på kvifor tiltaksnivået blir endra eller stenging er aktuelt. Rapporten skal sendast til Fylkesmannen [fmvlpost@fylkesmannen.no](mailto:fmvlpost@fylkesmannen.no) og merkast «endring av tiltaksnivå» eller «stenging av barnehage/skule».

Med helsing

Anne Hjermann  
utdanningsdirektør

Marianne Svege  
seksjonsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*